



**Lov  
for  
Voss Idrettsråd**

**Voss Idrettsråd  
Skipa 4/2 1970**

**Ufråvikeleg lovnorm**

Idrettsrådet skal ha ei lov som er i samsvar med NIF-lova og denne lovnorma. Lova skal godkjennast av idrettskretsen. Lovnorma er ufråvikeleg og inneholder eit minimum av det idrettsrådet må ha i si eiga lov. NIF-lova og lovnorm for idrettsråd skal leggjast til grunn i alt lovarbeid i idrettsrådet.

**Lovendringar**

Alle lovendringar må vedtakast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene. Lovendringane må sendast til idrettskretsen for godkjenning. Lovendringar i idrettsrådet si lov som følgje av endringar i NIF-lova, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettsrådet sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjende av idrettskretsen. Ved endring av lova kan idrettsrådet leggje til det idrettsrådet sjølv vurderer som nødvendig å ha regulert i eiga lov.

**Motstrid mellom idrettsrådet si lov og NIF sitt regelverk/lovnorm**

Tillegga/endringane i idrettsrådet si lov kan ikkje vere i strid med NIF sitt regelverk (NIF-lova, reglar og forskrifter) eller mot denne lovnorma. Ved eventuell motstrid mellom ein regel i idrettsrådet si lov og NIF sitt regelverk/lovnorm, vil regelen i idrettsrådet si lov vere tilsvarende ugyldig.

NIF-lova, reglar og forskrifter er tilgjengeleg på [www.idrett.no](http://www.idrett.no)

# **LOV FOR VOSS IDRETTSRÅD**

## **Skipa 04.02.1970**

**Vedteke av årsmøtet 04.02.1970 med endringar, seinast under årsmøtet 21.04.2016,  
godkjend av Hordaland Idrettskrets 1.7 2016.**

### **I. INNLEIANDE REGLAR**

#### **§ 1 Formål**

(1) Idrettsrådet skal arbeida for best moglege vilkår for idretten i Voss Kommune. Idrettsrådet skal vera ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og kommunale styresmakter og mellom laga og idrettskretsen.

(2) Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

#### **§ 2 Organisasjon**

(1) Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i kommunen som er organisert i Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) gjennom idrettskretsen. Idrettslag i Voss kommune med medlemskap i NIF vert automatisk medlem av idrettsrådet.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Idrettslaget kan berre vera medlem av eitt idrettsråd. Dersom det naturlege området for eit idrettslag strekkjer seg over meir enn ein kommune, avgjer laget sitt årsmøte ved lovvedtak kva for idrettsråd det vil vere med i. Med dispensasjon frå Idrettsstyret kan det oppretta felles idrettsråd for to eller fleire kommunar.

(2) Bedriftsidrettens tilknyting til idrettsrådet vert fastsett på idrettsrådets årsmøte, jf. §14 (1) bokstav c).

(3) Idrettsrådet skal følgja NIF og tilslutta organisasjonsledds regelverk og vedtak. NIF-lova gjeld for idrettsrådet uavhengig av kva som måtte stå i idrettsrådet si eiga lov.

### **§ 3 Oppgåver<sup>2</sup>**

(1) Idrettsrådet skal:

- a) Styrkja idrettens rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet.
- b) Gjera prioriteringar på vegne av idrettslaga.
- c) Dokumentera og synleggjera idrettens lokale omfang, og utvikla lokale idrettspolitiske handlingsprogram.
- d) Vera ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke.

(2) Idrettsrådet skal vera eit idrettspolitiske organisasjonsledd med oppgåver primært på lokalt nivå.

(3) Alle saker som er av felles interesse for idretten skal sendast til kommunen gjennom idrettsrådet.

### **§ 4 Kontingent**

(1) Er kontingent innført, vert denne fastsett av årsmøtet i idrettsrådet for det påfølgjande kalenderåret.

(2) Idrettslag som skuldar kontingen for meir enn eitt år, har ikkje tale- eller stemmerett på årsmøtet i idrettsrådet.

## **II. TILLITSVALDE OG TILSETTE**

### **§ 5 Kjønnsfordeling**

(1) Ved val/oppnemning av representantar til årsmøte/ting, og val av medlemer til styre, råd og utval/komite m.v. i idrettsrådet, skal det veljast personar frå begge kjønn. Samansetjinga skal samsvara i høve til kjønnsfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld og der det blir vald meir enn eitt varamedlem. Representant for tilsette tel ikkje med ved utrekning av kjønnsfordelinga.

(2) Ved val/oppnemning til styre, råd, utval/komite m.v. i strid med regelverket, skal styret innan ein månad etter årsmøtet senda ut innkalling til ekstraordinært årsmøte der nytt val blir føreteke. Eksisterande medlemer i det aktuelle styret, komiteen m.v. blir sitjande til nytt styre, komite m.v. er valt/oppnemnt.

(3) Ved representasjon må den delegasjon som faktisk møter tilfredsstilla regelen. Dersom ikkje vil organisasjonsleddet missa det talet på representantar som manglar for å oppfylla regelen.

---

<sup>2</sup> Lista over idrettsrådet sine arbeidsoppgåver er minimum av det idrettsrådet si lov skal innehalda. I tillegg kan andre oppgåver også leggjast til idrettsrådet.

(4) Idrettskretsen kan påleggja organisasjonsledd å oppfylla regelen, herunder innkalla til nytt årsmøte eller gjera ny oppnemning.

(5) Idrettskretsen kan, når det ligg føre særlege tilhøve, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon på førehand. Søknad om dispensasjon må vera sendt til idrettskretsen innan 14 dagar etter årsmøtet. Dispensasjon kan berre gjevast for ein valperiode/oppnemning om gongen.

## **§ 6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett m.v.**

(1) For å ha stemmerett og kunna veljast må ein vera fylt 15 år, vore medlem av eit idrettslag tilslutta idrettsrådet i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava, jf. NIFs lov § 10-4. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møta eller stemma ved fullmakt. Eventuell arbeidstakar i idrettsrådet har ikkje stemmerett på idrettsrådets årsmøte.

(2) Ein person kan ikkje samtidig ha meir enn eit av følgjande verv i idrettsrådet: medlem av styret, valkomiteen, kontrollkomiteen, revisor.

(3) Forslagsrett:

- a) Eit organisasjonsledd med representasjonsrett har forslagsrett til årsmøtet i idrettsrådet. Det same gjeld deira representant(ar).
- b) Styret i idrettsrådet har forslagsrett til og på eige årsmøte.
- c) Idrettsrådet har forslagsrett til idrettskretstinget, og rådets representant(ar) har forslagsrett på idrettskretstinget.
- d) Utval/komite med møterett, jf. § 14 (3), har forslagrett til årsmøtet i saker som ligg innanfor utvalets arbeidsområde, og deira representant(ar) har forslagsrett på årsmøtet innanfor utvalets arbeidsområde.

(4) Talerett:

- a) Revisor har talerett på årsmøtet i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
- b) Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på idrettsrådets årsmøte.
- c) Årsmøtet kan og vedtaka å gi talerett til andre personar.

## **§ 7 Kven som kan veljast, og representasjonsrett for arbeidstakar og oppdragstakar**

(1) Ein arbeidstakar i eit organisasjonsledd kan ikkje veljast til verv i idrettsrådets styre, råd, utval mv. eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvald som får tilsetjing i idrettsrådet eller i organisasjonsleddet, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillingen, og kan ikkje gå inn igjen i vervet før tilsetjingstilhøvet er avslutta.

(2) Ein arbeidstakar i idrettsrådet eller eit organisasjonsledd kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til ting, årsmøte eller lealarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd representasjonen skjer.

(3) Regelen skal brukast tilsvarende på person som har oppdragsavtale som i omfang kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve i idrettsrådet.

(4) Denne regelen er ikkje til hinder for at idrettsrådet gir tilsette rett til å peika ut tilsettrepresentant(ar) til idrettsrådets styre.

(5) Ein person som er vald eller oppnemnd i strid med regelverket, er å rekna som ikkje vald eller oppnemnd.

(6) Idrettskretsen kan, når det føreligg særlege tilhøve, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon på førehand. Det kan berre gjevast dispensasjon for ein valperiode/oppnemning om gongen.

## **§ 8 Rett til å veljast eller representera for andre personar med tilknyting til idrettsrådet**

- (1) Ein person som har ein avtale med eit organisasjonsledd som gir vedkomande ei økonomisk interesse i drifta av organisasjonsleddet, kan ikkje veljast til styre, råd eller utval/komite innan organisasjonsleddet eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett eller aksjonær med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har slik avtale som nemnd i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnd av organisasjonsleddet. Tillitsvald som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigarandel, pliktar å fråtre tillitsvervet, og kan ikkje tre inn igjen før tilsetjingstilhøvet mv. er opphøyd.
- (2) Person som grunna første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnst som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnst representant som har ei tilsvarende tilknyting til det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er vald eller oppnemnd i strid med regelverket, er å rekna som ikkje vald eller oppnemnd.
- (4) Idrettskretsen kan, når det føreligg særlege tilhøve, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon på førehand. Det kan berre gjevast dispensasjon for ein valperiode/oppnemning om gongen.

## **§ 9 Inabilitet**

(1) Ein tillitsvald, oppnemnd representant eller tilsett i idrettsrådet er inhabil til å leggja til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffa avgjersla:

- a) når vedkomande sjølv er part i saka.
- b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i oppstigande eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken.
- c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part.
- d) når vedkomande er leiar for eller har leiande stilling i eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.

(2) Sameleis er vedkomande inhabil når andre særeigne tilhøve ligg føre som er eigna til å svekka tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gi særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknyting til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.

(3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i idrettsrådet.

(4) Inabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalde, oppnemnde representanten eller tilsette si tilknyting til saka eller partane, ikkje vil kunne påverka vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vika sete.

(5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.

(6) I styret, komitear og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Dersom det i ei og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlemer, kan ingen av dei delta i avgjerda av sin eigen eller ein annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vera vedtaksfört i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemer delta. Medlemen skal i god tid seia frå om tilhøve som gjer eller kan gjera vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, kallast inn til å møte og delta i avgjerda, dersom det kan gjerast utan vesentleg bruk av ekstra tid eller kostnad.

(7) Ved andre høve tek vedkomande sjølv avgjerda om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det, og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv leggja fram spørsmålet for sin nærmeste overordna til avgjerd.

## **§ 10 Krav tilvedtak, fleirtalskrav og protokoll**

(1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitear og utval i idrettsrådet vedtaksføre når eit fleirtal av medlemene er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

(2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming<sup>3</sup> eller ved fjernmøte<sup>4</sup>. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemer med forslag til vedtak. Gyldige vedtak krev at fleirtalet av medlemene gir sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyra og kommunisera med kvarandre.

(3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

## **§ 11 Tillitsvalde og refusjon av utgifter og tapt arbeidsforteneste. Godtgjersle**

(1) Tillitsvalde kan ta i mot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tap av arbeidsforteneste, som vedkomande får i samband med utføring av vervet.

(2) Tillitsvalde kan ta i mot ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.

---

<sup>3</sup> Til dømes møte per e-post

<sup>4</sup> Til dømes møte per telefon/videokonferanse

(3) Refusjon for tapt arbeidsforteneste og godtgjersle til styret og dagleg leiar skal gå fram av vedteke budsjett og rekneskap. Styrehonorar skal koma fram i årsmeldinga.

### III. ØKONOMI

#### § 12 Rekneskap, revisjon, budsjett m.v.

(1) Idrettsrådet er rekneskaps- og revisjonspliktig.

(2) Idrettsråd med ein årleg omsetnad på under kr 5 millionar skal følgja NIFs rekneskaps- og revisjonsreglar, men styret kan vedta å velja å følgja rekneskapslova. Er omsetnaden på kr 5 millionar eller meir, skal idrettsrådet følgja rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjera statsautorisert/registrert revisor uansett kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velja ein kontrollkomité med minst to medlemer.. Kontrollkomiteen sine oppgåver følgjer av NIF-lova § 2-12.

(3) Bankkonti skal vera knytt til idrettsrådet og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.

(4) På årsmøtet skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Budsjettet skal vera realistisk, og resultatet skal ikkje visa underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital. Det vedtekne budsjettet bør koma fram i eiga kolonne når årsrekneskapen vert lagt fram.

(5) Årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av alle styremedlemer. Dersom idrettsrådet har dagleg leiar, skal også denne signera.

(6) Idrettsrådet kan ikkje gi lån eller stilla garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien er sikra med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjøret.

(7) Disposisjonar av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettsrådet sin storleik og verksemnd, også låneopptak, kan berre vedtakast av årsmøtet. Årsmøtet bør vedta eit særskilt fullmaktsreglement knytt til slike disposisjonar.

### IV ÅRSMØTE, STYRE, UTVAL MV.

#### § 13 Årsmøtet

(1) Årsmøtet er idrettsrådet sitt høgste styringsorgan, og skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.

(2) Styret i idrettsrådet kallar inn til årsmøte med minst ein månads varsel, til dei idrettslaga som har representasjonsrett, og til idrettskretsen til orientering. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengelege på internett eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet. Ved innkalling skal det presiserast at delegasjonar skal vera sett saman i samsvar med NIF-lova § 2-4. Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med framlegg må vera tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

(3) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer årsmøtet høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.

(4) Årsmøtet er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.

(5) På årsmøtet kan ikkje handsamast framlegg om endring i lov eller reglar som ikkje er ført opp på utsend/kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett vedtek det, ved godkjenning av saklista.

## § 14 Representasjon på årsmøtet

(1) På årsmøtet i idrettsrådet møter med stemmerett:

- a) Idrettsrådet sitt styre.
- b) 2 representantar frå kvart lag som er tilslutta idrettsrådet.
- c) 2 representantar for bedriftsidretten.

(2) Representantar må vera valde på årsmøtet i idrettslaget eller oppnemnde av styret etter fullmakt.

(3) Vidare møter følgjande utan stemmerett:

- a) Leiarane i dei faglege utval/komitear, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er hindra i å møta.
- b) Kontrollkomiteens medlemer.
- c) Valkomiteens medlemer
- d) Revisor

## § 15 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av vald(e) dirigent(ar). Dirigent(ar) og referent(ar) treng ikkje vera vald/oppnemnd representant.

## § 16 Årsmøtet sine oppgåver

(1) Årsmøtet skal:

- a) Godkjenna dei frammøtte representantane.
- b) Godkjenna innkallinga, saklista og møtereglane.
- c) Velja dirigent(ar), referent(ar) og 2 representantar til å skriva under protokollen.
- d) Handsama årsmeldinga.
- e) Handsama idrettsrådet sin rekneskap i revidert stand.
- f) Handsama forslag til arbeidsprogram. Drøfta og prioritera planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling.
- g) Handsama forslag og saker
- h) Vedta budsjett.
- i) Gjera følgjande val:  
Leiar og nestleiar.
  1. 4 styremedlemer<sup>5</sup> og 2 varamedlemer, som skal veljast som 1. og 2. varamedlem.
  2. To revisorar.

---

<sup>5</sup> Dette er eit minimum av dei tillitsvalde som skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan i tillegg velja andre tillitsvalde der er behov for.

3. Representantar til idrettskretstinget eller gi styret fullmakt til å oppnemna representantane.
4. Valkomité med leiar, 2 medlemer og 1 varamedlem for neste årsmøte.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemene til styret skal veljast samla. Deretter skal varamedlemene veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjord i høve til stemmetala.

Vala vert gjort for 2 år av gongen.

Leiar vert vald for 1 år om gongen.

(3) Bedriftsidrettslaga i kommunen vel ein styremedlem, med varamedlem, som tiltreer styret i idrettsrådet.<sup>6</sup>

## § 17 Stemmegjeving på årsmøtet

(1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak for å vera gyldig, vera gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møta eller stemma ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknaast som ikkje avgjevne.

(2) Alle val skal vere skriftlege, dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vera skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknaast som ikkje avgjevne.

(3) Når eit val vert halde enkeltvis, og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.

(4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vera valde. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlemer. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er dei å rekna som valde dei som har fått meir enn halvparten av stemmene. Det vert så bunde omval mellom dei kandidatane som står igjen, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

## § 18 Ekstraordinært årsmøte

(1) Ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet vert innkalla av idrettsrådet sitt styre minst 14 dagar på førehand etter:

- a) Vedtak i styret i idrettsrådet
- b) Vedtak på årsmøtet i idrettsrådet
- c) Vedtak av styret eller ting i overordna organisasjonsledd
- d) Skriftleg krav frå 1/3 av dei idrettslaga som er tilslutta idrettsrådet.

---

<sup>6</sup> Bedriftsidretten lagar eigne rutinar for val av styremedlem og varamedlem, og melder dette til idrettsrådet sitt styre/årsmøte.

(2) Ekstraordinært årsmøte vert innkalla direkte til laga med representasjonsrett. Saklista og andre nødvendige dokument skal følgja vedlagd innkallinga eller vera gjort tilgjengeleg på idrettsrådets internettleide eller annan forsvarleg måte. I sistnemnde tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på annan måte, og dokumenta skal vera gjort tilgjengeleg på innkallingstidspunktet.

(3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.

(4) Ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet skal berre handsama dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.

(5) Ved innkalling i strid med regelverket, avgjer det ekstraordinære årsmøtet under høvesvis godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.

## § 19 Møte/fellesmøte

Idrettsrådet held møte med idrettslaga etter behov, og tek sjølv avgjerd om arrangementsforma.

## § 20 Idrettsrådet sitt styre

(1) Idrettsrådet vert leia og forplikta av styret, som er idrettsrådet sitt høgste organ mellom årsmøta.

(2) Styret skal m.a.:<sup>7</sup>

- a) Setja i verk årsmøtet og overordna idrettsstyremakter sine vedtak og avgjerder.
- b) Syta for administrasjon av idrettsrådet og representera dette utad.
- c) Arbeida med saker som er nemnde i § 3.
- d) Etter behov oppnemna komitear/utval og utarbeida mandat/instruks for desse.
- e) Gi uttale til idrettskretsen ved opptak av nye idrettslag i NIF.
- f) Sjå til at idrettsrådet sine midlar vert brukte og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er gjort på årsmøtet eller av overordna organisasjonsledd. Styret skal vidare sjå til at idrettsrådet har tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har forsvarleg økonomistyring.

(3) Styret skal halda møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemene krev det.

## § 21 Valkomite

Idrettsrådet skal ha valkomité som skal veljast på fritt grunnlag på årsmøtet i idrettsrådet, etter innstilling frå styret. Valkomiteen skal leggja fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet. Medlem av valkomitéen som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomiteen.

---

<sup>7</sup> Dette er eit minimum av kva for oppgåver som skal leggjast til styret. Det er ikkje noko i vegen for at det kan gjerast vedtak om at styret skal ha andre oppgåver i tillegg.

## V. ANDRE REGLAR

### § 22 Lovendring

- (1) Endringar i denne lova kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrettsrådet etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.
- (2) Lovendringar som følgje av endringar i NIF-lova, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av idrettsrådet sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjende av idrettskretsen. Godkjenninga er avgrensa til dei reglane som NIF-lova omfattar.
- (3) I samband med godkjenninga kan idrettskretsen påleggje nødvendig endring for å unngå motstrid med NIFs regelverk.
- (4) Endring i §§ 22 og 23 kan ikkje vedtakast av idrettsrådet sjølv med mindre endringane er som følgje av NIFs regeleverk eller lovnorm.

### § 23 Opplysing

Idrettsrådet kan berre opplysts av idrettskretsen. Ved opplysing eller anna opphør av idrettsrådet, går idrettsrådet sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av idrettskretsen.